

Grillhytte reist i 2005

06.01.2011

Knut Bringedal i Uskedalsvegen 436 har som vi har meldt før søkt om dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesvegen i samband med byggjing av grillhytte.

Men no blir det opplyst i eit skriv frå kommunen sin saksbehandlar Merethe Eide at tiltaket var ferdig i 2005 og at det ligg 12 meter frå midtlina i vegen.

Saksbehandlaren sender over saka til Statens vegvesen og ber om uttale.

Ho opplyser at grillhytta vart omsøkt i ettertid på grunn av ein artikkel i lokalavisa om endringar i plan- og bygningslova og straff for ikkje omsøkte tiltak.

Om kommuneplanstatusen skriv Merethe Eide at området er regulert til bustadområde og at det føreligg reguleringsplan for frittliggjande småhus.